

Saksbehandlar: Erika Torgersen, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 21/2897-1

## Årsrekneskap og årsrapport for Sogndal kommune 2020

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding til vedtak:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Årsrekneskap og årsrapport for 2020 for Sogndal kommune vert vedteken. Rekneskapen for 2020 gav eit mindreforbruk på kr 20 425 529. Mindreforbruket er disponert til å redusere budsjettet bruk av disposisjonsfond.
2. Disposisjonsfond vert samanslegne slik som går fram av saksframstillinga punkt 2. Rådmannen får fullmakt til å disponere innovasjonsfondet.
3. Ubundne investeringsfond vert samanslegne slik det går fram av saksframstillinga punkt 3.

---

### BAKGRUNN FOR SAKA

---

Årsrekneskap og årsrapport skal handsamast i samsvar med kommunelova § 14-3 og skal vedtakast seinast seks månader etter utgangen av rekneskapsåret, dvs innan 1 juli. Årsrekneskap og årsrapport skal handsamast samtidig. I vedtaket skal det gå fram korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapen skal dekkast inn.

Rådmannen utarbeidar årsrapport og årsrekneskap og fremjar denne for formannskapet. Formannskapet innstiller til vedtak i kommunestyret. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsrekneskap og årsrapport før formannskapet innstiller til vedtak.

Revisjonsmeldinga frå uavhengig revisor, Vestland revisjon, konkluderer med at årsrekneskapen gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga per 31.12.2020, og at årsrapporta inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Revisjonsmeldinga og kontrollutvalet si uttale til rekneskapen 2020 følgjer som vedlegg.

Årsrekneskap, årsrapport, revisjonsmelding, fråsegn frå kontrollutvalet og saksdokument skal oversendast til Statsfovaltaren til orientering seinast 30 dagar etter vedtak i kommunestyret. Jf. *forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsrapport* §5-16

Oppstillingar og notar i årsrekneskapen er sett opp i samsvar med krav i forskrifta med følgjande unnatak. Årsrekneskapen er utarbeida frå og med første driftsåret i nye Sogndal kommune. Det er difor ikkje beløp for førre års avlagde årsrekneskap med unnatak av balanserekneskapen som viser beløp for vedteken opningsbalanse. Åpningsbalansen vart vedteken i kommunestyret i juni 2020 i sak 62/2020.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Årsrekeskap og årsrapport

I avslutninga av driftsrekneskapen for 2020 er bruk av og avsetjing til disposisjonsfond, overføring frå drift til investering og dekking av tidlegare år sitt meirforbruk rekneskapsført i samsvar med budsjettet. Ut over dette er det rekneskapsført avsetjing og bruk av parkeringsfond og flyktingfond i samsvar med fullmakt i økonomireglementet. Etter at desse disponeringane var gjort, viste resultatet eit mindreforbruk på kr 20 425 529.

Dette er eit langt betre resultat enn det som vart rapportert i 2. tertial. Hovudforklaringa for dette er auka rammetilskot, gevinst på finansielle omløpsmidlar og reduserte finansutgifter. For helse og omsorgssektoren var det ei underbudsjettering på om lag 16 mill. kr. i refusjon for ressurskrevjande tenester som gjer at sektoren kjem ut med eit positivt avvik på 7 mill. kr. Nærare forklaring på avvika går fram av årsrapporten.

	Rekneskap	Revidert budsjett	Avvik
Hovudtal - Løyvingsskjema 1	-784 880 008	-777 066 000	7 814 008
Administrasjon	52 262 743	54 386 000	2 123 257
Oppvekst	292 634 917	292 680 000	45 083
Helse og omsorg	311 622 908	318 699 000	7 076 092
Plan og samfunn	107 933 909	111 301 000	3 367 091
<b>Mindreforbruk</b>	<b>-20 425 529</b>	<b>0</b>	<b>20 425 529</b>

Etter forskrifta §4-3 gjeldande frå rekneskapsåret 2020 skal eit mindreforbruk reduserast ved først å stryke bruk av disposisjonssfond. Mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2020 er, i samsvar med forskrifta, nytta til å redusere bruk av disposisjonsfond slik at botnlinja i rekneskapen totalt viser null.

I revidert budsjett er netto driftsresultat budsjettert med eit negativt beløp på 12,5 mill. kr og eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på -1,07%. Resultatet for 2020 enda med eit positivt netto driftsresultat på 32,3 mill. kr og eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 2,59%. Netto driftsresultat vart 44,8 mill. kr betre enn revidert budsjett. I tillegg til avvika som går fram av årsrapporta skuldast dette i stor grad mindreforbruk på parkeringsordninga (3,3 mill. kr), VAR-områda (8,4 mill. kr) og flyktingtenesta (4,3 mill. kr). Meir- og mindreforbruk på desse områda vert balansert mot avsetjing og bruk av fond. Dette påverkar ikkje botnlinja i rekneskapen, men påverkar netto driftsresultat. Dette fordi avsetjing og bruk av fond ikkje er inklusiv i netto driftsresultat. Jf. kap. 2.1 *Økonomisk oversikt etter art i årsrekneskapen*.

### Måltal

I tråd med kommunelova § 14-2, bokstav c har Sogndal kommune i økonomireglementet vedteke finansielle måltal for utvikling av kommunen sin økonomi. Måtalet for netto driftsresultat i prosent er innfridd i 2020 ved at kommunen har eit netto driftsresultat som er betre enn 1,75 %. For disposisjonsfond og langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene er målet ikkje nådd. For nærare omtale av måltala vert det vist til kap. 3.1 i årsrapporten.

Måltal 2020	Resultat 2020	Mål 2020
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,59 %	> 1,75%
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	9,71 %	> 10%
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	89,36 %	< 75%

## 2. Samanslåing av disposisjonsfond

Oversikta nedanfor viser saldo på alle disposisjonsfond per 31.12.2020. Rådmannen tilrår at nokre av fonda vert samanslegne.

Konto	Saldo 31.12.2020
256080800 S:Disposisjonsfond	-39 259 115,63
256080801 S:Pensjon premieavvik	-11 469 385,64
256080803 S:Utbygging av fjordsti/elvepark	-1 400 000,00
256080804 S:Fleirbrukshall	-1 000 000,00
256080808 S:Parkering	-14 439 304,63
256080809 S:Statstilskot flyktningar	-1 052 763,75
256080810 S:Rentereguleringsfond	-5 903 609,07
256080811 S:Avkastning kraftfond 2	-8 667 905,77
256080812 S:Kraftfond II	-9 680 728,15
256080813 S:Overskotsfond Kultur	-16 247,00
256080814 S: Overskotsfond Plan og næring	-900 000,00
256080815 S:Overskotsfond Barnevern	-1 155 836,09
256080816 S: Overskotsfond Helsestasjon/jordmor	-901 648,44
256080817 S: Overskotsfond Fjærland oppvekstsenter	-304 555,00
256080818 S:Overskotsfond Trudvang skule	-583 887,00
256080819 S:Overskotsfond Kvåle skule	-219 335,13
256080820 S:Overskotsfond Støtteining økonomi og personal	-940 565,10
256080822 S:Overskotsfond Ungdom	-240 552,00
256080823 S: Tilskot einslege mindreårige flyktningar	-11 355 191,20
256080824 S:Overskotsfond Fysio-/ergoterapi	-166 104,00
256080900 L: Kursreguleringsfond	-11 378 772,41
256080951 B:Sæle kyrkje, måling	-1 741,00
256080952 B:EK-fond skadeforsikring	-30 364,00
<b>Sum disposisjonsfond</b>	<b>-121 067 611,01</b>

I gamle Sogndal kommune var det ei ordning der tenesteeiningane kunne avsetje heile eller deler av overskotet på si eining til disposisjonsfond. Rådmannen var gjennom økonomireglementet gitt fullmakt til å avsetje til og å bruke av fonda utover det som var vedteke i budsjettet. Med unntak av 256080814 *overskotsfond Plan og næring* er det ikkje

budsjettert med bruk av desse fonda. *Overskotsfond Plan og næring* er budsjettert brukt i 2021 til trivselstiltak i Sogndal sentrum. Tiltaket vart ikkje utført i 2020 og budsjettet vart overført til 2021 i sak 123/2020. Rådmannen tilrår at saldoen på desse fonda vert overførde til til eit nytt innovasjonsfond.

Sogndal kommune har gjennom 2020 og 2021 kartlagd og avdekka potensialet for å setje innovasjon og tenesteutviklingsarbeidet i organisasjonen i system. Det overordna målet med arbeidet er å forenkle, forebetre og fornye måten kommunen leverar tenestene på. Det er så langt avdekka ein stor potensiell gevinst, både i reduserte kostnader, betre tenester til innbyggjarane enklare arbeidsprosessar for tilsette. Fleire av desse prosjekta krev investering i tid og ekstern kompetanse for å kunne realiserast. Eit internt innovasjonsfond vil gjere til at gode prosjekt kan realiserast raskare, og gevinstane kan hentast ut raskare enn utan slike fond. KS peikar på kommunane si evne til å prioritere omstilling, innovasjonsarbeid og tenesteutvikling for å møte framtidens krav til kommunal tenesteproduksjon. Føringsane og riggen i FFF-arbeidet som vert leia av rådmannen si leiargruppe, i kombinasjon med eit slikt fond, vil gjere Sogndal kommune rusta til å klare dette arbeidet på ein god måte.

For å kunne bruke fondsmidlane til hurtig omstilling og å møte krav knytt til m.a. ekstern finansiering, tilrår rådmannen at rådmannen får fullmakt til å disponere fondet i samsvar med følgjande føringar:

- utviklings- og innovasjonsarbeid som er i samsvar med satsingane i samfunnsplanen
- tiltak som har som føremål å hente inn ekstern finansiering skal prioriterast
- tiltak som kan gje økonomisk innsparing i drifta på sikt skal prioriterast

Konto	Saldo 31.12.2020
256080813 S:Overskotsfond Kultur	-16 247,00
256080815 S:Overskotsfond Barnevern	-1 155 836,09
256080816 S: Overskotsfond Helsestasjon/jordmor	-901 648,44
256080817 S: Overskotsfond Fjærland oppvekstsenter	-304 555,00
256080818 S:Overskotsfond Trudvang skule	-583 887,00
256080819 S:Overskotsfond Kvåle skule	-219 335,13
256080820 S:Overskotsfond Støtteining økonomi og personal	-940 565,10
256080822 S:Overskotsfond Ungdom	-240 552,00
256080824 S:Overskotsfond Fysio-/ergoterapi	-166 104,00
	<b>-4 528 729,76</b>

Fond 256080812 Avkastningsfond kraftfond II og 256080900 Kursreguleringsfond frå Leikanger kommune gjeld avsett avkastning på midlar etter sal av aksjar i Sognekraft. Rådmann tilrår at desse fonda vert samanslegne til eit bufferfond for å dekke eventuelle tap på finansielle omløpsmiddel.

Konto	Saldo 31.12.2020
256080811 S:Avkastning kraftfond 2	-8 667 905,77
256080900 L: Kursreguleringsfond	-11 378 772,41

Mindre saldoar på Fond 256080951 Sæle kyrkje, måling og 256080952 EK-fond skadeforsikringmed frå Balestrand kommune vert tilrådd overført til fond 256080800 Disposisjonsfond.

Konto	Saldo 31.12.2020
256080951 B:Sæle kyrkje, måling	-1 741,00
256080952 B:EK-fond skadeforsikring	-30 364,00
<b>Sum disposisjonsfond</b>	<b>-32 105,00</b>

#### 4. Samanslåing av ubundne investeringsfond

Saldo på ubundne investeringsfond utgjer per 31.12.2020 kr 72,8 mil. kr. I tillegg til kraftfondet er det fire mindre fond frå dei tre tidlegare kommunane. Rådmannen tilrår å slå saman dei fire mindre fonda til eitt ubunde investeringsfond. For kraftfondet er det utlånt 18,5 mill. kr. I tidlegare vedtak vart det føresett at midlane skal tilbakeførast til fondet når låna vert tilbakebetalt. Om ein reknar med utlåna er kraftfondet på totalt 90,1 mill. kr.

Konto	Regnskap
253080200 Kraftfond - Sal av aksjar Sognekraft	-71 567 006
253080800 S:Sal av fast eigedom	-900 613
253080802 S:Justeringsinntekter	-38 307
253080900 L:Kapitalfond	-84 961
253080950 B:Ubundne kapitalfond	-225 977
	<b>-72 816 864</b>

#### Vedlegg:

Årsrekneskap  
 Årsrapport  
 Revisjonsmelding  
 Fråsegn frå kontrollutvalet